



Øving: Det vert intense øvingar når Hardanger Big Band samlast på Jonsvoll.



Tone: Musikalsk leiar og trompetist Arild B. Nielsen og vokalist Kristine Drake finn fort tonen når det svingar som mest.

Hardanger Big Band (HBB) har fått funkande ny logo og ny nettside, og musikarane stuper inn i det eine ambisiøse prosjektet etter det andre. Det svingar stådig heftigare av det 27 år gamle storbandet.

LARS ARVID OMA
oma@hf.no

Med det same stig over dørstokken på Jonsvoll i Jondal ein fredagskveld mot slutten av mars, slår den svingande storbandjazz mot oss. Taktfast og fengjande. Musikarane er allereie godt i gang med ei av mange intense øvingshelgar. Ein kan ikkje liggja på latsida når konsertan kjem som perler på ei snor frametter våren. Dei neste store oppgåvene nærmast seg med sjumilssteg. Mange låtar skal "sitta" når bandet skal ut på tur. 30–40 låtar er ikkje uvanleg. I notearkivet er det 131 låtar å ausa av.

Etter eit år med plateslepp saman med gitarist Gisle Torvik, og ei lang rekke kon-

sertar, er musikarane klare for nye utfordringar. Det er ikkje tid for å kvila på laurbæra. Ein kjem ingen veg utan "hårete" mål.

I byrjinga av mars var HBB i Fana kulturhus og hadde konsert saman med Bergen ungdomstorband og Paradis big band, under leding av sjølvaste Jens Wendelboe – ein prisvinnande jazzmusikar, trombonist, komponist og arranger i topsjiktet internasjonalt. Det var naturleg nok ei stor oppleveling for musikarane, og ikkje minst publikum. Å få spela saman med ein kar som mellom anna har vore trombonist i den verdskjende gruppa Blood Sweat & Tears i ei årrekke, er ikkje kvardagsskost.

Bandet har nyleg spela til dans på Klubb Kavaler, Fensal i Bergen. 24.–26. april ventar tre konsertar på rappen: først på Jonsvoll i Jondal, så på Chagall i Bergen og deretter i Kubuso i Øystese. På desse konsertane skal HBB ha med seg solovokalist Gisle Torvik. Kristine Drake er fast vokalist.

23. mai vert det underhaldning på landsbydagen i Jondal, og 5. juni skal bandet delta på den første utgåva av Korpslarm i Øystese.



Logo: Hardanger Big Band har fått ny logo.

HBB har samarbeidd med ei rekke jazzartistar i tillegg til Torvik og Wendelboe. Mellom desse er Olav Dale, Frank Brodahl og Erik Smith. I dei fyrste åra var Herborg Kråkevik vokalist.

Bandet har mellom anna framført

konsertar i Oslo konserthus, Legoland,

Asgarkirken i Tyskland, på Kongsvinger jazzfestival, Hardingtonar, Ålesund stor-

bandfestival, Vossajazz og Romerike stor-

bandfestival.

musikarane er allereie godt i gang med ei

av mange intense øvingshelgar.

Ein kan ikkje liggja på latsida når konsertan kjem som perler på ei snor frametter våren. Dei neste store oppgåvene nærmast

seg med sjumilssteg. Mange låtar skal "sitta" når bandet skal ut på tur. 30–40 låtar er ikkje uvanleg. I notearkivet er det 131 låtar å ausa av.

Etter eit år med plateslepp saman med gitarist Gisle Torvik, og ei lang rekke kon-



Messing: Styreleiar i HBB, Trond Steinseth, tykkjer det svingar så bra av bandet at ein bør spela for flest mogeleg. Her er han fanga i ein konsentrert augneblink på Jonsvoll.

drivkraft for HBB sidan starten.

Entusiastiske Nielsen siktar høgt. Ambisiøse framføringer krev mykje av musikarane. Ein må vera førebudd til fellesøvingane. Noko anna er uaktuelt. Eit band med tjue medlemmer er sårbar. Det merkast når nokon er borte.

No er styret på jakt etter ein gitarist som beherskar jazz på dette nivået.

Men trass høge musikalske krav og stådige avbrot i spelninga, sit latterkulene laust på øvingane. Det er god tone både i og mellom instrumenta. Skråblikk, humor og musikkglede skapar trivsel. Terping og finsliping krev sitt, men iofolge musikarane skal det svært mykje til før ein droppar ei øving i Hardanger Big Band. Til det er det for kjekt. Høge krav triggar og utfordrar.

– Eg trur nok av grunnen til at Hardanger bigband har overlevd i så mange år, og framleis er på "hogget", er at musikarane får høve til å strekkja seg. Ein vert utfordra, og lét seg utfordra. Det gjev inspirasjon og musikkglede, seier Nielsen.

Etter fleire tiår med storbandmusikarane frå Hardanger er han framleis svolten på nye prosjekt.

Det er pause og tid for ein prat.

– Det er eit privilegium å få treffa denne gjengen på øvingane. I utgangspunktet er det eit krevjande geografisk område å dra i et slikt storband i, med lange reisestandar for enkelte. Ein må vera meir enn litt interessaert for å halda på, seier Nielsen.

– Kva driv deg?

– Å få spela meir og nå ut til enda fleire. Me er optekne av å visa kvar mi kjem frå. Det er grunnen til at den nye logoen vår inneheld fjord og fjell. Me skal vera tilgjengelege overalt her heime og synlege når me er på reisefot. Det er ikkje grenser for kva ein kan finna på, forklarar styreleiar i HBB, Trond Steinseth.

Logoen er laga av Daniel Drake frå Australia.

Pausen er over. Det er tid for meir levan-

de storbandmusikk. Fly me to the moon, All of me, Cry me a river og andre klassikarar fyller Jonsvoll. Storbandrytmar og ulike instrumentgruppene skapar eit tett og svingande lydbilete. Ein kan skjøna at dette er moro.

– Vert du aldri lei?

– Tanken kan slå meg, men det er om å gjera å fylla seg med inspirasjon. Eg prøver

å henta inspirasjon i ulike musikalske uttrykk, mellom anna i klassisk musikk. Det tok si tid før eg oppdaga storleiken i Dolly Parton sin musikk, men det finst kvalitetar i mange musikalske stilartar, som ein kan lata seg inspirera av, seier Nielsen.

– Kva varar har de?

– Å dra i et storband av dette kaliberet

er eit omfattande arbeid. Det var eit mirakel då me starta, og gjengen gjev meg framleis inspirasjon og energi. No er me inne i ei veldig god bølgje, seier Nielsen.

Han vert av sine medmusikantar ofte omtala som "maestro", "el gigante", mannen med musikalsk lidenskap frå topp til tå.

Den musikalske inspirasjonen er truleg

gjensidig. Både dirigent og musikarar er

framleis svolte på musikalske oppleivin-

gar og utfordringar.

– Musikken er ei drivkraft i seg sjølv. Eg

trur musikk, kunst og anna kultur er med

på å skapa eit betre samfunn, seier Niels-

en.



Latter: Det er litt av kvart å le av på øvingane.

Det svingar av Hardanger